

## Referat

### Styremøte i Sunnfjord Kulturråd.

Torsdag 23. september 2021 kl 19.00

Sakralrommet, Førdehuset

**Til stade:** Svein Inge Bjørkedal, Leon Årdal, Kirsten J. Friis, Karen Helga Maurstig, Gerd Nesbø, Daniel Lira Figueiredo.

**Sekretær:** Johan Bengtsson

**Gjest:** Ingrid Sofie Flaten, KFUK/KFUM

Saksliste:

#### 1. Status avtale med Sunnfjord kommune

Svein Inge Bjørkedal informerte om at avtalen mellom Sunnfjord kulturråd og Sunnfjord kommune er vedtatt i utval for Samfunn, kultur og næring.

#### 2. Signaturrett til styreleiar

For å lettare opprette konto i banken og ev. andre administrative oppsett er det føreslege at styreleiar får signaturrett for Sunnfjord Kulturråd.

Forslag til vedtak: Styreleiar får signaturrett for Sunnfjord Kulturråd

Vedtak: Styreleiar åleine får signaturrett for Sunnfjord Kulturråd.

#### 3. «Felles oppslagstavle» Idemyldring/konsept

Møtet gjennomførte idemyldring om konsept for oppslagstavle. Konklusjon: tavler med digital del og oppslagsdel. Fire tavler, ein i tidlegare Førde, Jølster og Gaular.

Janne Karin Støylen lagar søknad om 30.000 kr frå Sparebankstiftinga.

Svein Inge formidlar idear frå idemyldringa til Janne Karin.

#### 4. KFUK/KFUM Musikstudio.

V/ Ingrid Sofie Flaten, styreleiar i Førde Tensing.

#### Kort oppsummering av innlegget til Ingrid Sofie:

Førde Ten Sing var etablert i 1972. Styret har sett ein magel på tilbod for musikkinteresserte. Dei saknar ein plass å vidareføre musikken. Derfor har dei fått ein ide om eit musikkstudio og ser det som ein god plan for å få fram dagens musikkultur. Tilboda innom kulturskolen, kor og korps er bra, men ikkje breie nok. Ein undersøking blant unge mellom 13 og 26 år viser at 60 % driv med musikk på fritida og 42 % er interesserte i å produsere musikk. For å få til det trengst tilgang til musikkstudio. Eit musikkstudio kan brukast av folkehøgskulen på dagtid og andre kveldar og helger. Dei har sett på lokalisering i Sunnfjordparken i tidlegare Verftet. Der er det i tillegg aktuelt med etablering av lekeland og ungdomsklubb.

#### 5. Presentasjon av Arendal Hjertebyen (rekruttering)

v/Daniel Lira Figueiredo

### **Kort oppsummering av innlegget til Daniel:**

Med hjerte for Arendal MHFA er eit nettverk med 100 lag og organisasjonar.

#### **Hovedmål er:**

- Utvikle ein berekraftig modell for medborgarskap og velferd gjennom eit nytt samspel mellom ideell sektor, frivillige organisasjonar, næringsliv og offentleg sektor.
- Gjennom dagleg nettverksarbeid på kryss og tvers, med lag foreiningar og organisasjonar, direkte deltaking og gjennom medverknad og det å være støttespelar til ulike prosjekt.

#### **Sentrale erfaringar frå prosjektet:**

- Det viktigaste er å legge til rette for etablering av tillitsbaserte nettverk.
- Frivillig sektor skal ikkje styrast, men leggest til rette for. Bruk tenande leiing, ikkje styrande.
- Samarbeidet startar med å skape møteplasser. Tillitsskaping tar tid. Jo fleire samarbeidspartar desto meir komplekst samarbeid. Tolmod er ein nøkkel.
- Etableringa av tillitsbaserte nettverk gjer det mogleg å sette i praksis resursbasert lokalsamfunnsutvikling der ein kartlegger lokale resursar hjå organisasjonar, kommunen, næringsliv og engasjerte innbyggjarar og koplar dei riktige aktørane saman.

Vi sender ut presentasjonen til styret i eigen mail.

#### **6. Oppfølging av Moglegheitstudie, Førdehuset**

Det er sendt ut spørreskjema til medlemmane i Sunnfjord Kulturråd med frist 30.9. Vert sendt over til ARKI og Hilde Bjørkum 1.10

#### **7. Diverse: Heimeyrkeskulen, avtale mellom Førdehuset og Sunnfjord Catering**

Førde 23.09.21

Johan Bengtsson, sekretær

Svein Inge Bjørkedal, Leon Årdal, Kirsten J. Friis, Karen Helga Maurstig,

Gerd Nesbø, Daniel Lira Figueiredo,